



NORSK KULTURSKOLERÅD

HORDALAND og SOGN & FJORDANE

Dato 20.02.19
Saksbehandlar rådgiver
Dokumentnavn Innkalling årsmøte

Til skuleeigarar i Hordaland og Sogn & Fjordane ved ordførar, byrådsleiar, byråd, rådmann, kommunaldirektør, einingsleiarar innan oppvekst, skule, kultur og brukarutval, kulturskuletilsette, KS avdeling Hordaland og Sogn & Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland og Sogn & Fjordane, Hordaland og Sogn & Fjordane fylkeskommune, samarbeidande organisasjonar og institusjonar.

JUSTERT INNKALLING TIL ÅRSMØTE I NORSK KULTURSKOLERÅD - HORDALAND OG SOGN & FJORDANE TORSDAG 21. MARS 2019

Vi viser til [Norsk kulturskoleråd sine vedtekter](#) og kallar med dette inn til årsmøte i Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Norsk kulturskoleråd - Sogn & Fjordane. Samarbeidande organisasjonar og institusjonar vert invitert. **Stad og tid er vedteken av fylkesstyra i begge fylker:**

Bergen, Grand Hotel Terminus, torsdag 21. mars.

Registrering: Scandic Ørnen kl.09.30-10.00 og Terminus frå kl.14.30-15.15. Lunsj på Terminus kl.13.30.

Årsmøta tek til kl.15.30 og er beramma til ca. 18.00/18.30. Endring i tid grunna Kulturkonferansen.

ÅRSMØTE TORSDAG 21. MARS, DELEGASJON FRÅ KOMMUNANE, SAKER OG ÅRSMØTEDOKUMENT

Vi ber politisk og kommunal leiing i kommunane å bruke sin rett til å delta på årsmøtet, i kraft av å vere kulturskuleeigar. **Kvar kommune kan stille med fire delegatar med skriftleg fullmakt frå leiinga i kommunen. Vedlagt mailen er skjema for utfylling i brevmalen til kommunen. Minst ein av delegatane bør vere folkevalt representant. Målsettinga er brei representasjon frå alle kommunar i våre to fylker.** Vi oppfordrar alle til å vere representert med maksimalt tal delegatar frå kommunen sin. Kulturskulane og Norsk kulturskoleråd står saman i viktige utviklingsendringar, ikkje minst med komande stortingsmelding. **Styreleiar i Norsk kulturskoleråd, Nils R. Sandal, helsar årsmøta.**

Saker som medlemmene ynskjer å ta opp på årsmøtet, skal vere fylkesstyret i hende seinast åtte veker før årsmøtet. Årsmøtedokument vert sendt digitalt seinast 14 dagar før årsmøtet. Delegatane er ansvarlege for å ha med sakspapira digitalt eller utskrive.

ÅRSMØTEKONFERANSEN «KULTURSKOLEROMMET - Demokrati og medborgarskap – kva for armslag vert kulturskulen gitt i samfunnsbygginga?» Torsdag 21. kl.17.30 - Fredag 22. mars kl.14.30.

Politikarar, kommuneleiing, tilsette i samarbeidande einingar i kommunen og andre organisasjonar / institusjonar, foreldrearbeidsutval, elevråd, driftsstyre og råd for kulturskulane, presse og kulturskuletilsette vert invitert til konferansen, som startar i etterkant av årsmøtet. Årets konferanse følger tematisk opp nasjonalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid. Fokus er vidare utvikling av kulturskulen som del av samfunnsbygginga, i tråd med [nasjonal rammeplan](#). Torsdag kveld blir det kunstnerisk aperitif frå kl.19.30 med festmiddag kl.20.00.

PÅMELDING TIL ÅRSMØTE OG KONFERANSE

Overnatting: romgaranti er ikkje mogleg lengre - bestillast direkte av delegat / deltakar til [Grand Hotel Terminus](#) på Terminus eller Zander K rett ved. Reservasjonsnr. Norsk kulturskoleråd, Terminus nr. 4193708 kr.900.- inkl. frokost. Zander K nr. 4213711 kr.850.- inkl. frokost. **PÅMELDINGSFRIST fredag 1. mars – følg lenka nedafor: [PÅMELDING ÅRSMØTE OG KONFERANSE](#).**

Kopi: Fylkesstyra i Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Sogn & Fjordane og Norsk kulturskoleråd v/ leiinga.

Med venleg helsing for fylkesstyra i Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Sogn & Fjordane,

Anne Lene Østvold Jordåen og Grete Berntzen (s)
styreleiarar Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Sogn & Fjordane


rådgevar Norsk kulturskoleråd - Hordaland og Sogn & Fjordane

KULTURSKULEROMMET

DEMOKRATI OG MEDBORGARSKAP - KVA FOR ARMSLAG VERT KULTURSKULEN GITT I SAMFUNNSBYGGINGA
ÅRSMØTEKONFERANSE I TERMINUS HALL PROGRAM MED ATTERHALD OM ENDRING

TORSDAG 21. MARS

HELSING TIL ÅRSMØTA

Styreleiar Nils R. Sandal helsar årsmøta.



KL.19.30 KUNSTNERISK APERITIF

Ei rekke forfriskande og varmande innslag med elevar i kulturskular og tidlegare elevar, som tek i mot oss.

KL.20.00 FESTMIDDAG

Nettverksbygging kring velsmakande treretters måltid med litt ymse i mellom. Påfølgande besøk for dei som ynskjer i hotellets velrennomerte etablissement.

FREDAG 22. MARS

KL.09.00

KUNSTNERISK

KONFERANSIER

Lina Taule Fjørtoft, tidlegare elev og elevrådsleiar i Bergen kulturskule, fyrste vinnar av Drømmestipendet innan teater frå Hordaland, deltakar og aktiv i UKM, no utdanna skodespelar frå HINT med oppdrag på Den Nationale Scene og for DKS. Lina har og vore paneldeltakar i politiske debattar.



VELKOMEN MED NYVALD LEIAR I «NORSK KULTURSKOLERÅD - VESTLAND»

Kort om og frå vår nye styreleiar for komande periode.

LOKALT PERSPEKTIV FRÅ NASJONAL STÅSTAD

Samfunnsmandat og samvirkning.

Liv Kari Eskeland, [stortingsrepresentant](#) og engasjert [kulturskulepolitikar](#) tar oss med på ei reise i aktuelle tankar og tema, som gir innspel til innhaldet i kulturskulene oppimot samfunnet vi står i og kulturskulane sitt [samfunnsmandat](#).



POLITISKE VAL, VESTLAND FYLKE OG KULTURSKULE FOR ALLE

Kva tyder samanslåing av fylker og kommunar for tilbodet kommunane kan gi?

Samtaler, dialog og drøfting med ordførarar, kandidatar til fylkesordførarvervet, ungdomspolitikare og kulturskuleleiarar.

Debattleiar [Stig Ryland](#) er og [styreleiar](#).



RIVE TERSKLAR OCH BYGGE BROAR, EN KULTURSKOLA FÖR ALLA!

Kulturskolan som inkluderande kraft i samhället - samspel och brobygga.

Ulike ruter til målet, eksempler frå [Simrishamn kommune](#) i Sverige.

Sylvia Carlsdotter er enhetssjef for den kulturpedagogiske verksemda i Simrishamn og er engasjert i konferansen [«Folk och kultur»](#). Sylvia har undervist ved høgskule/lærarutdanning, er sanger og føreles innan kommunikasjon og leiing. Stikkord kulturskulevri med kulturgaranti, sommerkulturskule, POP-UP kulturskule.



13.00 LUNSJ OG VEL HEIM MED NYE TANKAR OG INSPIRASJON